

## Eit lite stykke nattmusikk

Sam vaknar med eit rykk. Han kikkar mot skjermen.

«År: 1787. Stad: Wien»

«Skal vi besøkje fabrikkjen som fann opp wienerpølsene?»

spør Ina.

«Eg tippar vi skal besøkje ein av dei store komponistane våre,» seier onkel Ola. «Eg trur vi skal sjå etter eit musikalsk geni.»

«Mozart,» seier Sam.

«Ja, Wolfgang Amadeus Mozart,» svarer onkel Ola.

Med eitt tek Ina til å flire. «Denne gata heiter Domgasse,» seier ho.

«Ikkje le, det betyr Kyrkjegata. Det er gata som Mozart budde i,» seier onkel Ola.

Dei stansar utanfor Domgasse 5.

«Sjå, der sit Mozart og komponerer,» seier onkel Ola.

«Og no veit eg bokstaven!»

«Mozart skriv på stykket

Eine kleine Nachtmusik.

Bokstaven er E.

E for Eine eller Et.»

**komponist:**  
ein person  
som skaper  
musikk



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 87.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 5, 6 og 7.